

Bildet viser helselagsdamer på jonsok 1997.

26.06.2017



Bildet er frå jonsok 1997.

OPPDATERT: For nokre dagar sidan viste vi dette bildet som Gunn Mari Moberg sende oss. Vi stilte ein del spørsmål om det, og er svært glade for responsen vi fekk. Alt dagen etter ringte leiar i helselaget, Berit H. Myklebust, og ho kunne slå fast at det var helselaget. Ho hadde også vore i kontakt med eit par andre helselagsdamer, og skrivar Eli R. Eik skulle prøva å finna ut av det i bøkene.

Berit kunne fortelja at ho kom med i helselaget i 1997, og det var truleg heilt i starten av hennar tid i laget då ho var med på bildet. Ho kunne også hjelpa med mange av namna på bildet, og no er alle namna klare. Frå venstre er det Betzy Sunde, Arnhild Myklebust, Lisa Haugland, Fredsy Myklebust, Eva Myklebust, Liv Kolltveit, Guri Eide, Randi Halleraker, Edith Kjærland, Margrethe Hansen, Berit H. Myklebust, Einfrid Myklebust og Johanna Yri.

I går fekk vi eit fyldig og godt svar frå Eli Roseth Eik. Ho fortel at bildet er frå jonsok 1997. Helselaget hadde programmet under arrangementet på stemneplassen. Det heile starta på Sandakaien der marinefartøyet Tyr var komen. Mykje folk ville sjå seg om på båten. Musikklaget spelte, og det var tog til Stemneplassen. Det var 2 brurepar med, fint pynta med hesteskyss. Av programmet på Stemneplassen nemner ho elles at Røysterrett for alle song. Åshild Ulstrup kåserte om huldra. Turvegen til Skårhaug vart opna av ordførar Aksel Kloster. Både han og Otto Myklebust var kledde i gamaldags turutstyr. Eva Myklebust og Margit Eik planta tre. Det var loddsal og bål. Bjørgulv Eik leia det heile.

Tusen takk til Berit H. Myklebust og Eli R. Eik for god jobb. Med positiv innsats frå lesarane kan vi finna ut av mykje.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Geir Harald Nilsen